

Ha-Plan As
Strandgata 44A
6270 Brattvåg

Dykkar referanse:

Vår referanse:
25/3327, 26/12110

Arkivkode:
L42 329/163

Dato:
03.07.2026

Gbnr. 329/163,193 - Ferjevegen - Utfylling i sjø/ liten molo /vør - Vedtak

Behandling:

Delegert sak nummer: 112/26	Dato: 03.07.2026
-----------------------------	------------------

Tiltak: Utfylling i sjø/liten molo/vør
Byggestad: Gbnr. 329/163
Tiltakshavar: Brattvåg Småbåtforening
Ansvarleg søkar: Ha-Plan As
Søknad komplett: 03.06.2026

Delegert vedtak:

Vi godkjenner søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova §1-8 og dispensasjon frå arealformål i reguleringsplan for Årsund del1.

Vi godkjenner søknad i eitt steg om følgjande tiltak:

- Tiltak 1 – Sikring av eksisterande molo.
- Tiltak 2 – Forlenging av eksisterande molo med 20 meter.
- Tiltak 3 – Steinvør/molo til skjerming av båtslipp. Lengde 20 meter.

Tiltaka er godkjent med plassering og avstandar til nabogrenser og andre bygg som vist på situasjonsplanen – teikning 2016-01 rev B.

Vilkår:

1. Utfyllings- og anleggsarbeid i sjø skal ikkje gjennomførast i perioden 1. februar til 30. juni.
2. Det skal nyttast reine massar ved all utfylling i sjø.
3. Dersom det under arbeidet vert avdekt kulturminne i sjø, skal arbeidet straks stansast og Bergens Sjøfartsmuseum varslast.
4. Tiltaket skal utførast i samsvar med innsendte teikningar og opplysningar i søknaden.
5. Det må sendast søknad til Ålesundregionens hamnevesen om løyve til tiltaka etter reglane i hamne- og farvasslova.

Saksopplysningar

Vi viser til søknad Ett-trinn12 mottatt hos oss 05.05.2026 . Søknaden var komplett 03.06.2026.

For området gjeld følgande:

1. Reguleringsplan for Årsund del 1 med føresegner, gjeldande frå 12.06.1986.
2. Arealdelen av kommuneplan for Haram med føresegner gjeldande frå 18.06.2020.

Eigedomen er i plan lagt ut til småbåthamn.

Tiltaket føreset ikkje endra avkøyrslø eller tilknytning.

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Kommunen legg til grunn at tiltaket vert oppført innanfor eit område regulert til småbåthamn og har nær funksjonell tilknytning til eksisterande småbåthamn. Etter kommunen si vurdering vil tiltaket i liten grad påverke naboar og gjenbuarar sine interesser. På denne bakgrunnen vert det gitt fritak frå kravet om nabovarsling.

Søknaden omfattar følgjande tiltak:

Tiltak 1 gjeld sikring/forsterkning av vestenden av den nordlege moloen i småbåthamna som har fått skadar på grunn av bølgepåkjenningar.

Tiltak 2 gjeld forlenging av denne moloen ca. 20 meter sørover for å oppnå rolegare sjø inne i hamna.

Tiltak 3 gjeld etablering av ein molo/vør på vestsida av slippen for å hindre sanden i å fylle opp slippområdet.

Fråsegna frå annan myndigheit

Møre og Romsdal fylkeskommune

Planfaglege merknader

Generelt

Tiltaket inneber utfylling og inngrep i sjøbotn med plastring og massedeponi, samt etablering av nye konstruksjonar i sjø. Slike tiltak kan påverke marine naturtypar og økologiske forhold, som mellom anna krev vurdering opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12.

Strandsone

Tiltaket ligg i strandsona, der nasjonale føringar legg opp til restriktiv praksis. Dispensasjon krev at omsyna bak arealformålet ikkje vert vesentleg tilsidesett. Inngrep i sjø og strand kan redusere allmenne interesser som ferdsel og friluftsliv, og dette må vurderast konkret. Fylkeskommunen legg vidare vekt på at tiltaket er knytt til småbåtanlegg og lokal nærings- og fritidsbruk, noko som kan tale for ei viss tilrettelegging dersom konsekvensane er tilstrekkeleg avklarte og avbøtande tiltak vert sikra.

Automatisk freda kulturminne

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum med følgjande uttale:

Museet kjenn ikkje til kulturminne ved gbnr. 329/163,193 i Haram kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i

sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Konklusjon

Møre og Romsdal fylkeskommune rår kommunen til å sikre at saka er tilstrekkeleg opplyst, og eventuelt krevje nærare utgreiingar før det vert fatta vedtak, jf. naturmangfaldlova §§ 8–12 og plan- og bygningslova § 19-2.

Statsforvataren i Møre og Romsdal

Planfagleg

Det er søkt om relativt omfattande tiltak gjennom dispensasjon i område som har mangelfull planavklaring i reguleringsplan for Årsund del 1 frå 1985. Vi minner om at reguleringsplan bør nyttast for å sikre heilskapleg planlegging av utbygging for hensiktsmessige løysingar, samt vurdering av mellom anna natur- og miljøverdi, allmenne interesser og samla verknadar. Ved opning for enkelttiltak gjennom dispensasjon får ein ikkje i same grad gjort desse vurderingane, og manglande heilskapleg omsyn kan gi uheldige føringar og avgrensingar for seinare utvikling. Behovet for reguleringsplan er særleg tydeleg for tiltak nr. 3, som vil vere eit heilt nytt tiltak i strandsone i område med verdier knytt til natur og allment friluftsliv.

Natur- og miljøvern

Tiltaka ligg nært naturtype brakkvassdelta ved utløpet av Synnalselva, noko som er særleg aktuelt for tiltak nummer 3, ny molo. Elveoslandskap er viktige naturtypar der fysiske inngrep bør unngåast. Det er usikkert korleis omsøkte tiltak vil påverke naturverdiane i tilgrensande område. Vi vil her vise til naturmangfaldlova § 7. Det skal gå fram av saksutgreiing korleis prinsippa i §§ 8-12 i lova er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil.

Strandsone, friluftsliv

Tiltaka ligg i område registrert som lokalt viktig friluftslivsområde i kartlegging frå 2023.

Småbåtanlegget nyttar eit større område i grensa mot Synnalsosen. Omsøkte tiltak 1 og 2 vurderast som mindre problematiske justeringar av eksisterande situasjon, medan verknadane av tiltak 3 for andre interesser i området ser ut til å vere mangelfullt avklart.

Vi syner til pbl. §19-2 og minner om at dispensasjon ikkje kan gis dersom omsyna bak føresegna det blir dispensert frå blir sett vesentleg til side, vidare må det vere klar overvekt av fordelar dersom dispensasjon kan gis. Fordelane som skal tilleggast vekt gjeld primært samfunnsmessige omsyn av planfagleg og arealdisponeringsmessig karakter. Vi gjer merksam på at begge vilkåra i pbl. §19-2 må vere oppfylte innan kommunen kan gi dispensasjon. Korleis dispensasjonsvilkåra er oppfylte skal grunngjevast.

Konklusjon

Statsforvaltaren er kritisk til opning for dispensasjon for delar av omsøkt tiltak ut frå mangelfull avklaring av verknad for relevante tilhøve. Mellom anna manglar vurdering etter naturmangfaldlova og avklaring av verknad for allmenne interesser i området. Ut frå desse omsyna rår vi så langt frå godkjenning av tiltak 3 i søknaden.

Kystverket

Saka vart sendt til uttale til Kystverket den 07.05.26. Det er ikkje kome merknader innan fristen (04.06.26).

Ålesundregionens hamnevesen

Ålesundregionens hamnevesen kan ikkje sjå at tiltaket som er foreslått innanfor planområdet vil vere til hinder eller lempe for tryggleik og framkomme i farlei og har ingen merknader til søknaden.

Hamnevesenet minner om at dei planlagde tiltaka krev løyve etter hamne- og farvasslova

Interne uttalar

Plan

Plan har ingen merknader til tiltak 1 og 2. Når det gjeld tiltak 3 har ein kome med følgjande konklusjon:

«Gjeldande reguleringsplanen er gamal og tek ikkje omsyn til dei natur, rekreasjons,- og turverdiane området har. Formålet i reguleringsplan er misvisande. Området med naturstrand bør sikrast og avsettast til natur og friluftsmål og det bør ikkje opnast for tiltak som er i strid med dette omsynet. Omsøkt molo er målsett til lengde 20 meter og breidde 4 meter topp-molo. Fyllingsfoten vil vere betydeleg breiare og oppta relativt stort areal på sjøbotn. Området har ei naturleg opphoping av sand og ein veit heller ikkje om ein molo vil påverke forflytning av sand i den retninga søkjar ynskjer. Det er ikkje avklart om der kan vere ålegras i området. I nyleg godkjent detaljplan i nærområdet vart det avdekt ålegraseng.»

Kommentar:

Tiltakshavar har no justert plasseringa av tiltak 3 slik at tiltaket vert plassert ved eksisterande båtslipp. Dette medfører at naturstranda ikkje vert berørt av tiltaket. Sjå teikning 2612-01-B.

Det er ved hjelp av dykkar og undervassrover avklart at det ikkje finst ålegras i tiltaksområde.

Teknisk:

«Viser til ønske om uttale i samband med søknad om utfylling i sjø/ liten molo /vør på gbnr. 329/163,193. Vi har ei avløpsleidning som går ut ikkje langt frå moloen, som vist på kartutsnitt, og må vere heilt sikker på at tiltaket ikkje kjem i konflikt med denne. Vi har behov for å vite nøyaktig kor mange meter ut frå dagens molo tiltak 1 vil komme.»

Kommentar:

Tiltakshavar har kartlagt avstanden frå tiltak 1 og 2 til avløpsleidninga og avstaden frå tiltak 1 er 18 meter og frå tiltak 2 er avstanden 16 meter, sjå teikning 2612-01-B.

Tilleggsopplysningar frå ansvarleg søkjar

1. Avstand frå eksisterande molo – tiltak 1 – til avløpsledning

Måla er påført oversiktsteikninga, teikning 2612-01, rev. B, datert 30.04.2026

Avstand frå eksisterande molo til ytterkant fylling i sjøen er 22 m, og denne fyllingsfoten vil ligge ca. 18 m frå næraste spillvassleidning.

Avstand frå sørvestende av planlagt molo forlenging til ytterkant fylling i sjøen er 22 m, og denne fyllingsfoten vil ligge ca. 16 m frå næraste spillvassleidning.

Utfyllinga i sjøen vil bli kontrollert med undervassrover for sikre at det ikkje blir påført skader på eksisterande spillvassleidningar.

2. Dokumentasjon knytt til naturmiljø.

Det er tidlegare utført undersøkingar i området som stadfester at det ikkje er ålegras i området. Kommunen har bekrefta dette overfor småbåtlaget. Dette er også stadfesta med videoopptak med rover som kan oversendast om ynskjeleg.

Primært er tiltaka er planlagt utført i løpet av august - desember i 2026. Dette er utanom gytesesongen for torsk og hekkesesongen for sjøfuglar.

Gytesesongen for torsk er frå seinvinteren til forsommaren. Hekkesesongen for sjøfuglar er frå ca. 15. mars til 1. august.

Ettersom massane frå ferjekaiområdet ikkje er nok til alle tiltaka ynskjer dei å kunne motta eventuelle overskot av fjellmassar frå andre prosjekt i nærområda framover. Dei ynskjer derfor at løyvet kan gjelde til 31.12.2029.

All utfylling vil bli utført utanom gytesesongen for torsk og hekkesesongen for sjøfuglar.

Tiltak 3 (steinvør/ molo) vil bli utført med reine steinmassar. Tiltaket vil hindre at sanden frå brakkvassdeltaet ved Synnalselva blir flytta austover slik det skjer no. Moloen vil stabilisere tilhøva slik at vass-straumane i området blir rolegare enn før.

3. Gjennomføring av anleggsarbeid.

Det blir ikkje oppretta nytt rigg- eller anleggsområde. Fjellmassane som skal utfyllast er overskotsmasser frå prosjektet med utbetring av eksisterande ferjekai i området, og massane blir frakta direkte frå dette uttaksområdet til områda som skal utfyllast.

Transporten til moloane i tiltak 1 og 2 vil foregå på småbåtlaget sine eksisterande interne vegar og molo i hamna.

Transport til molo/ vør (tiltak 3) vil utførast på Ferjevegen fram til avkøyrsløp til 2 naust og eksisterande molo og vidare over båtslippen.

4. Vedr. tiltak 3 – steinvør/molo mellom båtslipp og naturstranda.

Plasseringa av molo/ vør som vern av slipp er planlagt utifrå kjennskap til liknande tiltak som fungerer i andre småbåthamner. Straumar i sjøen fører med seg sand austover frå området mellom osen og planlagt plassering av vør/ molo. Mykje av sanden legg seg på slippet, og må fjernast fleire gonger i året. Ved etablering av denne moloen vil mykje av sanden stoppe mot moloen og bli liggande på stranda mellom moloen og osen. Dette medfører at området blir betre tilrettelagt for bading og andre strandaktivitetar.

Full utstrekning av fyllingsfoten med påført areal er påteikna på situasjonsplanen, teikning 2612-01-B.

Vurderingar

Saka gjeld:

Vi viser til søknad Ett-trinn12 mottatt hos oss 05.05.2026 . Søknaden var komplett 03.10.2026.

Du har søkt om utfylling i sjø og etablering av molo ved gbnr. 329/163 og 193 i eitt trinn. Tiltaket gjeld bygging, sikring og forlenging av moloar i Brattvåg småbåthamn.

Planmessige forhold og dispensasjonar:

De har søkt om dispensasjon frå plan- og bygningsloven §1-8 og frå arealformål i reguleringsplan for Årsund del 1. Søknaden er grunngjeven med at *Tiltak i småbåthamner må naturleg utførast i strandsona og i sjøen. Dei omsøkte tiltaka skal utførast i ei etablert*

småbåthamn. Moloen som skal verne slippene mot sandflytting vil truleg medføre at sanden i staden legg seg på vestsida av moloen og såleis bidrar til at fjøra der som blir nytta til bading gradvis vil få ei betre sandstrand. Alle tiltaka ligg utanfor regulert areal, men på tilgrensande sjøareal som allereie blir nytta til manøvreringsareal av småbåtane. Tiltaka skal verne eksisterande flytebrygger og slipp.

Vi kan berre gi dispensasjon om dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå, eller lova si føremålsføresegn, ikkje blir vesentleg satt til side. I tillegg må det vere «klart større fordelar enn ulemper» etter ei samla vurdering, jf., plan- og bygningslova § 19 – 2 andre avsnitt. Det må som utgangspunkt dreie seg om fordelar som er forankra i areal- og ressursdisponeringsomsyn.

Dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8

Plan- og bygningslova § 1-8 skal ivareta natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og andre allmenne interesser i strandsona. Føresegna skal òg sikre ei restriktiv forvaltning av areal langs sjøen og motverke gradvis nedbygging av strandsona.

Det omsøkte tiltaket omfattar utfylling i sjø, sikring og forlenging av eksisterande moloar, samt etablering av ein ny steinvør/molo knytt til eksisterande småbåthamn. Tiltaket ligg innanfor ei allereie etablert småbåthamn med tilhøyrande tekniske anlegg og maritim bruk. Området framstår ikkje som urørt strandsone, men som eit område som over lang tid har vore nytta til hamne- og båtformål.

Kommunen legg vekt på at tiltak 1 og 2 i hovudsak er utbetring og forsterking av eksisterande moloar som skal betre tryggleik og funksjonalitet i hamna. Tiltaka inneber ikkje privatisering av nye strandareal eller avgrensing av allmenn ferdsel utover det som allereie følgjer av dagens bruk av området. Tiltaka vil i hovudsak bli etablerte i sjøareal som i dag fungerer som manøvreringsområde for småbåthamna.

Når det gjelder tiltak 3, ny steinvør/molo ved naturstranda, legg kommunen til grunn at tiltaket medfører eit nytt fysisk inngrep i strandsona. Samstundes er føremålet å sikre eksisterande slipp og redusere behovet for jamleg fjerning av sandmassar. Kommunen legg vidare vekt på opplysningane frå søkjar om at tiltaket kan bidra til å stabilisere sandtransporten i området og styrkje kvalitetane ved den eksisterande sandstranda vest for tiltaket. Tiltakshavar har etter drøftingar med kommunen justerte plasseringa av tiltak 3. Tiltak 3 vert no plassert rett vest for eksisterande båtslipp slik at naturstranda i vest ikkje lenger vert berørt av tiltaket.

Kommunen har vurdert konsekvensane for naturmangfaldet etter naturmangfaldlova §§ 8–12. Det er opplyst at det ikkje er registrert ålegras i tiltaksområdet, og tiltaket skal gjennomførast utanfor gyteperioden for torsk og hekkesesongen for sjøfugl. Det ligg naturverdiar i tilknytning til Synnalsandsosen og brakkvassdeltaet, og kommunen legg difor til grunn at arbeidet må gjennomførast med særleg varsemd. Tiltak 3 er no flytta lenger bort frå osen og brakkvassdelta slik at vi vurderer at tiltaket ikkje i vesentleg grad kjem i konflikt med gjeldande naturverdiar.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at omsyna bak byggeforbodet i strandsona ikkje vert vesentleg sette til side. Tiltaket er nært knytt til eksisterande småbåthamn, representerer

ikkje ei ny privatisering av strandsona og vil i avgrensa grad påverke allmenne interesser samanlikna med dagens situasjon.

Når det gjeld fordelar med ein dispensasjon legg kommunen særleg vekt på at tiltaket vil betre tryggleiken i hamna, verne eksisterande anlegg mot bølgepåkjenningar, sikre slippfunksjonen og leggje til rette for vidare bruk av småbåthamna. Tiltaket vil òg kunne redusere framtidig vedlikehaldsbehov knytt til sandavsetningar. Det er vidare dokumentert ved dykker og undervassrover at det ikkje er ålegrasenger i tiltaksområda.

Ulempene er i hovudsak knytte til inngrep i sjø og strandsone, mogleg påverknad på naturmiljøet og den prinsipielle ulempa ved å tillate tiltak gjennom dispensasjon framfor planprosess. Kommunen vurderer likevel at desse ulempene er avgrensa, særleg fordi tiltaket er knytt til eit etablert hamneområde.

Kommunen finn etter dette at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene.

For å redusere moglege negative konsekvensar vert dispensasjonen gitt på følgjande vilkår:

6. Utfyllings- og anleggsarbeid i sjø skal ikkje gjennomførast i perioden 1. februar til 30. juni.
7. Det skal nyttast reine massar ved all utfylling i sjø.
8. Dersom det under arbeidet vert avdekt kulturminne i sjø, skal arbeidet straks stansast og Bergens Sjøfartsmuseum varslast.
9. Tiltaket skal utførast i samsvar med innsendte teikningar og opplysningar i søknaden.

Dispensasjon frå arealformål småbåthamn i reguleringsplan for Årsund del 1(12.06.1986)

Tiltaket er ikkje i samsvar med reguleringsplan for Årsund del 1, der det aktuelle området er regulert til annan veggrunn. Tiltaket krev difor dispensasjon frå arealformålet.

Omsynet bak regulering til annan veggrunn er å sikre areal som er nødvendige for vegføremål, trafikktryggleik, drift og vedlikehald av samferdselsanlegg. Arealformålet skal òg sikre at arealet ikkje vert nytta på ein måte som kan kome i konflikt med eksisterande eller framtidige samferdselsinteresser.

Kommunen legg til grunn at det omsøkte tiltaket ligg i sjø og i direkte tilknytning til eksisterande småbåthamn. Tiltaket omfattar utfylling i sjø og etablering, forlenging og sikring av moloar som skal tene småbåthamna sine funksjonar. Det er ikkje opplyst om at arealet er nødvendig for gjennomføring av eksisterande eller framtidige vegtiltak.

Kommunen legg vidare vekt på at arealet i gjeldande kommuneplan for Haram er avsett til småbåthamn. Dette viser at kommunen i seinare overordna planlegging har vurdert området som eigna for hamnerelaterte tiltak og maritim bruk. Tiltaket er såleis i samsvar med arealbruken som følgjer av kommuneplanen, sjølv om det ikkje er i samsvar med den eldre reguleringsplanen.

Etter kommunen sin vurdering vert ikkje omsyna bak arealformålet annan veggrunn vesentleg sette til side. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med trafikktryggleik, vegdrift eller andre

samferdselsomsyn. Samstundes er tiltaket knytt til den bruken området er avsett til i gjeldande kommuneplan.

Når det gjeld fordelar med ein dispensasjon legg kommunen vekt på at tiltaket vil styrkje tryggleiken og funksjonaliteten til den eksisterande småbåthamna, sikre eksisterande anlegg mot bølgepåkjenningar og redusere behovet for vedlikehald knytt til sandavsetningar. Tiltaket vil vidare bidra til betre tilhøve for brukarar av hamna og sikre verdiane som ligg i eksisterande infrastruktur. I vår vurdering av fordelane med tiltaket legger vi stor vekt på at massene som skal nyttast kjem frå Møre og Romsdal fylkeskommune sitt anleggstiltak knytt til ny ferjekai. Alt masseoverskudd ved dette tiltak skal nyttast i dette tiltak nok som gir eit kort transportveg og vi unngår mellomagring av steinmasser på land. Vi ser på dette som ein klar fordel ut frå eit ressursdisponeringsomsyn

Ulempene er i hovudsak knytte til at tiltaket vert gjennomført ved dispensasjon frå reguleringsplan framfor gjennom planendring. Dette svekkjer i noko grad omsynet til føreseieleg arealforvaltning. Tiltaket medfører òg inngrep i sjøareal som kan påverke naturmiljøet, men desse forholda er vurderte særskilt i samband med dispensasjonen frå plan- og bygningslova § 1-8 og vurderingane etter naturmangfaldlova.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at fordelane ved dispensasjon er klart større enn ulempene.

Kommunen finn på denne bakgrunnen at vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte og at dispensasjon kan givast.

Naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8–12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde.

§ 8 – Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert på bakgrunn av opplysningar i søknaden, innhenta uttalar frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune, tilgjengeleg informasjon frå Artsdatabanken og Naturbase, samt tilleggskommunikasjon frå tiltakshavar.

Det går fram av saksdokumenta at tiltaksområdet ligg nær eit registrert brakkvassdelta ved utløpet av Synnalandselva. Det er vidare opplyst frå tiltakshavar at det ikkje er registrert ålegras innanfor tiltaksområdet, og at dette er undersøkt ved bruk av undervassrover. Kommunen har ikkje kjennskap til andre registrerte truga artar eller andre særskilde naturverdiar direkte innanfor sjølve tiltaksområdet.

Kommunen vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å kunne ta stilling til søknaden.

§ 9 – Føre-var-prinsippet

Sjølv om kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som tilstrekkeleg, er det knytt noko usikkerheit til korleis inngrep i sjø kan påverke naturverdiane i nærliggande område ved Synnalandssosen og brakkvassdeltaet.

Kommunen legg derfor vekt på føre-var-prinsippet ved å stille vilkår om at utfyllingsarbeid skal gjennomførast utanom gyteperioden for torsk og hekkesesongen for sjøfugl, og at det berre skal nyttast reine massar ved utfylling i sjø.

Undervegs i søknadsprosessen har ein justert plasseringa av tiltak 3 og flytta tiltaket mot aust til båtslippen slik at naturstranda mellom Synnalsososen og tiltaket ikkje vert berørt.

Med desse avbøtande tiltaka vurderer kommunen at risikoen for vesentleg skade på naturmangfaldet er låg.

§ 10 – Økosystemtilnærming og samla belastning

Tiltaket skal vurderast i lys av den samla belastninga økosystemet er utsett for. Området er frå før prega av eksisterande småbåthamn, moloar, slipp og annan maritim infrastruktur.

Tiltaket inneber ei vidareutvikling og sikring av eksisterande anlegg, og ikkje etablering av ein ny småbåthamn. Kommunen vurderer at den samla belastninga på økosystemet ikkje vil auke vesentleg som følge av tiltaket, særleg når arbeidet vert gjennomført med avbøtande tiltak.

§ 11 – Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar

Tiltakshavar må bere eventuelle kostnader knytte til å førebyggje eller avgrense skade på naturmiljøet. Dette omfattar mellom anna krav om bruk av reine massar og forsvarleg gjennomføring av arbeidet.

§ 12 – Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Tiltaket skal gjennomførast på ein måte som gir minst mogleg påverknad på naturmiljøet. Kommunen legg vekt på at utfyllingsarbeidet skal utførast frå land med reine steinmassar, og at arbeidet skal gjennomførast utanom sårbare periodar for naturmangfaldet.

Samla vurdering

Etter ei samla vurdering finn kommunen at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12 er tilstrekkeleg vurderte og vektlagde. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil medføre vesentleg skade på naturmangfaldet dersom det vert gjennomført i samsvar med vilkåra i loyvet.

Samfunnstryggleik

I samsvar med plan- og bygningslova § 28-1 første ledd skal grunn berre byggjast ut eller eigedom opprettast dersom det er tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følge av natur- eller miljøforhold. Det same gjeld for tiltak som kan påverke tryggleiken i området.

Kommunen har vurdert tiltaket opp mot kjende naturfarar og aktsemdsområde. Det går fram av kartgrunnlaget at delar av tiltaksområdet ligg innanfor aktsemdsområde for stormflo (KAR).

Det omsøkte tiltaket gjeld utfylling i sjø samt etablering, sikring og forlenging av moloar knytt til eksisterande småbåthamn. Tiltaket omfattar ikkje oppføring av bygningar for varig opphald eller andre tiltak som vil medføre auka risiko for liv og helse ved stormflohendingar. Tvert imot er føremålet med delar av tiltaket å styrkje vern av eksisterande hamneanlegg mot bølgepåkjenning og erosjon.

Moloar og utfyllingar i sjø er konstruksjonar som naturleg må etablerast i område som er eksponerte for tidevatn, bølger og stormflo. Kommunen legger til grunn at tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det toler dei påkjenningane som kan forventast på staden, inkludert framtidige stormflohendingar.

Etter kommunen sin vurdering medfører ikkje tiltaket auka risiko for liv, helse eller vesentlege materielle verdiar. Tiltaket er heller ikkje vurdert å påverke omgjevnadene på ein måte som aukar faren for skade ved stormflo eller andre naturhendingar.

På bakgrunn av tiltaket sin karakter og plassering finn kommunen at krava til trygg byggjegrunn og tilstrekkeleg samfunnstryggleik etter plan- og bygningslova § 28-1 er oppfylte.

Visuelle kvalitetar

I samsvar med plan- og bygningslova § 29-2 skal tiltak prosjekterast og utførast slik at dei, etter kommunen sitt skjønn, har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølve og i høve til funksjon, plassering og samanheng med dei bygde og naturgjevne omgjevnadene. Utforming, volum, materialbruk og estetiske kvalitetar skal bidra til ei heilskapleg og god tilpassing til omgjevnadene.

Det omsøkte tiltaket omfattar utfylling i sjø, sikring og forlenging av eksisterande moloar, samt etablering av ny steinvør/molo i tilknytning til Brattvåg småbåthamn. Tiltaket skal utførast med steinmassar og vil få ei utforming som er vanleg for denne typen hamneanlegg.

Kommunen legg vekt på at tiltaket vert etablert i eit område som frå før er prega av småbåthamn, moloar, flytebrygger, slipp og andre maritime anlegg. Tiltaket vidarefører eksisterande bruk og byggjer vidare på etablerte konstruksjonar og strukturar i hamneområdet.

Etter kommunen sin vurdering vil tiltaket framstå som ein naturleg del av den eksisterande småbåthamna. Materialbruk og utforming er tilpassa funksjonen som bølgevern og hamnekonstruksjon, og tiltaket vil ikkje bryte vesentleg med landskapsbildet eller karakteren til området.

Sjølv om tiltaket vil vere synleg frå sjøen og nærliggjande område, vurderer kommunen at omfanget og utforminga er tilpassa dei bygde og naturgjevne omgjevnadene. Tiltaket er funksjonelt grunngjeve og framstår som ei naturleg vidareutvikling av eksisterande hamneanlegg.

Kommunen finn på denne bakgrunnen at tiltaket oppfyller kravet til gode visuelle kvalitetar etter plan- og bygningslova § 29-2.

Byggehøgder og plassering, inkludert høgdeplassering:

Avstand til nabogrenser og andre bygg på eigedomen som vist på situasjonsplan.

Tiltaket sin plassering og høgde skal påvisast av føretak med nødvendig godkjenning.

Ansvar og uavhengig kontroll:

Vi har lagt til grunn at funksjonar og ansvarsområde i tiltaket er dekkja med nødvendige ansvarsrettar.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering finn vi å kunne godkjenner søknad om dispensasjon frå pbl § 1-8 og reguleringsplan for Årsund og godkjenner tiltak 1,2 og 3 som vist på teikning 2612 -01 rev. B

Andre opplysningar:

Du har rett til å klage på vedtaket, sjå vedlegg for meir informasjon om klagerett i byggesaker. Aktuelle partar blir underretta om vedtaket.

Gebyr blir fakturert i samsvar med satsar fastsett i bystyret, og blir sendt til deg seinare.

Dette løyvet skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Om byggearbeidet ikkje er satt i gang innan tre år, eller om arbeidet vert innstilt i meir enn to år, må du søke på nytt, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Du kan ikkje bruke tiltaket før midlertidig bruksløyve eller ferdigattest er gitt. Ved slik søknad må du hugse å leggje ved opplysningar om kvar tiltaket er plassert, slik det er utført. Opplysningane vert sende til e-postadressa på heimesida til Haram kommune.

Vi gjer merksam på at tiltaket blir registrert i Statens kartverk (Matrikkelen). Kommunale vass- og avløpsavgifter kan bli rekna ut frå areal som er ført der.

Gjeldande lover, forskrifter, vedtekter og reguleringsføresegner skal følgast, med mindre du har fått uttrykkeleg dispensasjon.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivsaksnummer 25/3327» og gbnr. 329/163.

Ved å gå inn på «Innsyn» på heimesida til Haram kommune kan du søkje på arkivsaksnummer eller gnr./bnr. og finne dokumenta i saka.

Send dokumentasjon via eDialog

Bruk gjerne eDialog viss de skal sende oss dokumentasjon eller svare på dette brevet. Oppgi referansenummer 25/3327. Les meir om eDialog på: <https://haram.kommune.no/edialog>

Med helsing
Bent Leite
tenesteleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til:

Brattvåg Småbåtforening

Ferjevegen 20

6270

Brattvåg

Vedlegg:

2612-01-B (1).pdf

E-1 Prinsipp-teikning moloar 2612-F1

G-3 Gjennomføringsplan

Orientering om klagerett i byggesaker - Haram kommune - Plan

		Lovheimel:
Kven har rett til å klage?	Den som er part i saka, eller som har rettsleg klageinteresse, kan klage på vedtak i byggesak.	Forvaltningslova (Fvl.) § 28
Kva kan du klage på?	Enkeltvedtak, dvs. vedtak som er bestemmende for rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar. Du har ikkje rett til å klage på forhold som er avgjort i bindande reguleringsplan eller dispensasjon, etter at fristen for å klage på dei vedtaka er gått ut.	Fvl. § 28, jf. § 2.
Klagefrist	Klaga må vere postlagt innan tre (3) veker etter at du fekk melding om vedtaket. Det vil si at du må sende klaga innan tre veker frå den dagen melding om vedtaket vart lagt i di postkasse, postboks eller blei levert på anna måte. Om du ikkje har fått melding, er klagefristen tre veker frå du fekk eller burde skaffa deg kjennskap til vedtaket. Sjølv om klaga blir sendt for seint kan kommunen behandle klaga dersom a) du ikkje kan lastast for at fristen ikkje blei haldt eller for å ha drygd med å klage etterpå, eller b) det er «særlege grunner» til at det er rimeleg at klaga blir prøvd.	Fvl. §§ 29 og 30 Fvl. § 31
Kva må du ta med i klaga?	Klagen må: - vere signert - angi kva vedtak det klagast på - angi kva endringar ein ønsker - eventuelt gi opplysingar om oppfylling av klagefrist (om det er tvil om klaga er sendt til rett tid). I tillegg bør klagen vere grunngitt, og gi eventuelle andre opplysingar som kan ha betyding for kommunen si vurdering. Om det er feil eller manglar ved klaga, få du ei kort frist for å rette eller utfylle klaga.	Fvl. § 32
Kven kan du klage til?	Klaga skal sendast til: Haram kommune Plan I PELT (Plan Eigedom Landbruk Teknisk) Postboks 33 6282 Brattvåg	Fvl. § 28

	Eller du kan bruke eDialog eller e-postadressa til kommunen.	
Vidare saksgang:	Klaga blir først vurdert av den instansen som har gjort vedtaket. Om tenestekområdet ikkje finn grunn til å endre sitt vedtak blir saka behandla i Planutvalet (PU). Om PU held fast ved det opphavlege vedtaket, vil saka blir sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.	Fvl. § 33
Når blir klaga behandla?	Innan åtte – 8 – veker	SAK § 7 – 1, jf. § 7 – 2 fjerde avsnitt.
Kva skjer med byggearbeidet i mellomtida?	Sjølv om det er klaga over vedtaket, kan ein gjennomføre vedtaket straks det er gjort. Det betyr at byggearbeidet kan starte, så snart det er gitt igangsettingstillatelse. Kommunen kan bestemme at arbeidet ikkje kan starte opp før klaga er avgjort, om kommunen finn grunn til det.	Fvl. § 42
Rett til innsyn og rettleiing	Part i saka har rett til rettleiing. Partane har normalt også rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka. Du finn dei fleste sakene og dokumenta på heimesida til kommunen ved å velje «Innsyn». Om dokumenta ikkje er tilgjengelege der, kan du vende deg til kommunen med spørsmål om innsyn via e-postadressa på heimesida til Haram kommune.	Fvl. § 11 og § 18.
Rett til å krevje grunngjeving:	Om vedtaket ikkje er grunngjeve, har du som er part i saka rett til å få særskilt grunngjeving for vedtaket. Klagefristen blir utsett til etter at du har fått grunngjevinga.	Fvl. § 24 og § 25
Kostnader ved å klage	Du kan søke om å få dekt utgifter til nødvendig advokathjelp. Her gjeld visse grenser for inntekt og formue. For meir informasjon om dette ta kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eller advokat. Om du får medhald i klaga kan du i nokre tilfelle krevje dekning for vesentlege kostnader som har vore nødvendig for å endre vedtaket til din fordel.	Fvl. § 36